

Kva gjer føresette ved mistanke om dysleksi?

Når dokker ser at barnet dokkar strevar med lesinga, enten det gjeld å lære å lese eller den vidare leseutviklinga, er det viktig at dokker varslar kontaktlærar raskt, samtidig som dokker fortset å øve godt med barnet.

Bruk gjerne «sjekklista» du finn i dokumentet «Kva ser vi etter?». Stemmer det du ser hos ditt barn med fleire av punkta i lista, er det på tide å varsle kontaktlærar.

Kontaktlærar vil då sende elevmelding til ressursgruppa på skulen, og ressursgruppa avgjer saman kva tilbod vi skal gje barnet vidare.

Kva tilbod det kan vere snakk om, vil vere avhengig av alderen på barnet, omfanget av vanskane og kva tiltak som eventuelt er sett inn tidlegare.

Kontaktlærar gir dokker tilbakemelding om kva ressursgruppa har bestemt.